

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Målfrid Hannisdal Teigen
Arkivsaksnr.: 16/3011 - 46

Arkiv: 144 C2

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

KOMMUNEDELPLAN - FYSISK AKTIVITET 2018-2029 2. GONGSBEHANDLING

Bakgrunn for saka:

Det er utarbeida forslag til ny kommunedelplan for fysisk aktivitet i Klepp kommune. Planperioden er 2018-2029. Planforslaget blei behandla i formannskapet i sak 56/17. Etter behandling i formannskapet blei forslaget lagt ut på høyring med ein høyringsfrist på 6 veker. Det er komme inn 26 høyringsinnspel til planen. Klepp idrettsråd har samordna innspel frå idrettslaga i Klepp, så kvart einskild lag har ikkje levert høyringsuttale. Eit par lag har levert eigen uttale.

I høyringsperioden vart det gjennomført eit høyringsmøte med tema friluftsliv. Ordføraren var også tilstades på Jærhagen for å ta imot innspel til planen ein ettermiddag i desember. Planforslaget har ikkje vore lagt fram til uttale i hovudutvala.

Elevråda vart særleg oppmoda om å gje innspel til planen. 7 elevråd og eit klassetrinn leverte innspel til planforslaget. I tillegg er det kome høyringsinnspel frå vellag, andre myndigheter og enkeltpersonar.

Vurdering:

Rådmannen ser det som positivt at dette er ein plan som mange er engasjerte i og har kome med innspel til. Ei rekkje utfordringar blir synleggjort og det er mange gode innspel og idear om kva behova er og kva som kan vera løysingar for at fleire skal vera fysisk aktive.

Alle innspela er grundig vurdert og gjennomgått. Innspela følgjer vedlagt. I tillegg er det laga ein oppsummeringstabell der hovudbodskapen i kvart innspel er oppsummert og rådmannen si vurdering av desse går fram.

Som følgje av høyringa så har rådmannen lagt inn følgjande endringar i planen:

- Eit nytt mål på kvardagsaktivitet knytt til nærleik til friområde og grønstruktur
- Noko meir utfyllande tekst på friluftsliv knytt til Jærstrendene og arealtilgang i kommunen
- Konkretisering av ein del av tiltaka i handlingsprogrammet
- Nokon nye tiltak i handlingsprogrammet

Rådmannen meiner at planen slik den no føreligg vil vera eit godt verktøy for å arbeida systematisk og målretta med fysisk aktivitet i kommunen. Planen for oppfølging som inngår i plandokumentet vil vera eit viktig reiskap for å følgja opp mål og tiltak.

Vidare saksgang:

Planen vert no lagt fram til 2. gongs behandling i formannskapet og kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

Det er stor skilnad på kor detaljert planlagt dei føreslåtte tiltaka i tiltaka i handlingsprogrammet er. Dei kostnadane som ligg inne er basert på alt frå detaljplanar for

det konkrete prosjektet, erfaringstal frå tilsvarande tiltak eller eit grovt estimat. Det er anslått at planen i perioden 2018 -2021 vil ha følgjande økonomiske konsekvensar:

Kommunale investeringar	Spelemidler	Private midlar, dugnad, støtteordningar m.m.	Kommunale driftskostnader (årleg)
61 mill. kroner	15 mill. kroner	1 mill. kroner	5,1 mill. kroner

I desse tala er det ikkje tatt med private anlegg som allereie er bygd, men der spelemidler ikkje er utbetalt.

Det er ikkje alle tiltaka som ligg i handlingsprogrammet som er innarbeida i økonomiplanen for perioden 2018-2021. Følgjande beløp som ligg i handlingsprogrammet er ikkje innarbeida:

Kommunale investeringar	Spelemidler	Private midlar, dugnad, støtteordningar m.m.	Kommunale driftskostnader (årleg)
5 mill. kroner	4 mill. kroner	4 mill. kroner	4,3 mill. kroner

Drift av nye idrettshallar på Bore og i Vardheia er estimert med ein årleg driftskostnad på 2,7 mill. kroner. Andre nye driftskostnader som ikkje er innarbeida i økonomiplanen er knytt til drift og vedlikehald av turvegnett og auka tilrettelegging for idrett gjennom meiropne hallar og støtteordningar.

Det er eit krav frå statlege myndigheter at handlingsprogrammet skal rullerast årleg for at ein skal kunne søkje om spelemidler. For dei kommande åra vil det i økonomiplanen bli innarbeida ein eigen tabell med oversikt over tiltaka som har økonomiske konsekvensar i kommunedelplan for fysisk aktivitet

Vedlegg:

- Plandokument
- Oppsummering av høyringsinnspel
- Samla dokument med alle høyringsinnspel

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2018-2029 blir vedteken.

Dei enkelte tiltaka blir prioritert årleg i samband med budsjett/økonomiplan.

Rådmannen i Klepp 08.03.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.